



NORD- OG MIDHORDLAND  
**JORDSKIFTERETT**

Til kommunane i Nord- og Midhordland jordskiftesokn

Saksnummer

Vår referanse  
 99/2016/TS/kib

Vår dato  
 19.02.2016

**Val av jordskiftemeddommarar til jordskifteretten for perioden 1. januar 2017 til 31. desember 2020**

Det vert vist til brev frå Domstoladministrasjonen datert 17.11.2015 vedkomande val av jordskiftemeddommarar og skjønnsmedlemmer for perioden 01.01.2017 til 31.12.2020.

I medhald av jordskiftelova § 2-5, jf. domstollova §§ 64 og 65 begge andre ledd, vert kommunane med dette varsla om antal jordskiftemeddommarar med slik fordeling:

Kommune	Antall medlemmer
Askøy	22
Austevoll	10
Austrheim	14
Bergen	30
Fedje	6
Fjell	30
Fusa	14
Kvam	20
Lindås	30
Masfjorden	16
Meland	20
Modalen	10
Os	30
Osterøy	22
Radøy	28
Samnanger	24
Sund	22
Vaksdal	20
Øygarden	20

Kvar kommune skal velje eit like antal menn og kvinner som jordskiftemeddommarar. Medlemmene i utvalet skal vere kunnige i saker som jordskifteretten i jordskiftesoknet til vanleg har.



---

NORD- OG MIDHORDLAND  
JORDSKIFTERETT

---

Tradisjonelt har me flest saker med meddommarar i landbruksområder. Ny jordskiftelov, som trådde i kraft ved årsskiftet, medfører at me forventer også å få fleire saker i by og tettstader. Lensmannsskjønn som gjeld fast eigedom og rettigheter knytta til eigedom, er nå avvikla og kompetansen er overført til jordskifterettane. I enkelt saker kan jordskifte skje i kombinasjon med skjønn. Dette gjer at me også ynskjer auka skjønnskompentanse hjå meddommarane. I slike tilfeller kan det være gunstig om me har enkelte jordskiftemeddommere som også står i skjønnsmannsutvalet.

Det er kommunen som skal fremme forslag til skjønnsmedlemmer som vert valde av fylkeskommunen. Det er ynskjeleg at om lag ¼-part av jordskiftemeddommarane også står i skjønnsmannsutvalet.

Dei fleste av våre saker medfører synfaring i skog og mark. Meddommarane må dirfor ha normalt god helse og kunne ta seg fram i terrenget.

Som nevnt i brevet frå Domstoladministrasjonen skal valet gjennomførast innan 01.07.2016 og registrerast i portalen innan 15.09.2016. Av domstollova § 69 går det fram kva lista over meddommarar skal innehalda. Det er viktig at fullstendig adresse vert ført opp og rapportert, gjerne også e-postadresse og telefon om de har slike opplysningar.

Utfallet av valet skal rapporterast til domstolane elektronisk. Domstoladministrasjonen vil komme med informasjon om korleis dette skal gjerast.

Med helsing

Nord- og Midhordland jordskifterett

for *Kjersti Instebo Bonberg*  
Thorbjørn Svane

kst. jordskifterettsleiar

Vedlegg

- brev frå Domstoladministrasjonen datert 17.11.2015
- Notat om bestemmelser om valg av lagrettemedlemmer og meddommere.